



Artec As
Damsgårdsveien 135
5160 LAKSEVÅG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/2902 - 23/44416

Saksbehandlar:
Kjartan Medaas
kjartan.medaas@alver.kommune.no

Dato:
07.06.2023

Førebels svar med trong for tilleggsopplysningar - gbnr 134/4 Hilland

Tiltak: Oppretting av 2 nye grunneigedomar
Byggjestad: Gbnr 134/4
Tiltakshavar: Arkiton AS
Ansvarleg søkjar: Artec AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 12.04.2023.

Vi trenger meir dokumentasjon i saka

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Søknaden er mangelfullt utfylt. Det er ikkje kryssa av for teknisk infrastruktur og ikkje kryssa av for krav til byggegrunn. Det er ikkje opplyst kva type bygg som er planlagt på parsellane. Det må synleggjerast at tomtane er eigna til å bygga på med tanke på størrelse, form og plassering. Også at krav til utnyttingsgrad, parkering og uteopphaldsareal vert oppfylt.
2. Tomt teig 1 er ikkje innanfor krav til minste tomteareal for einebustadar på 650 m², jf. Punkt. 5.2.2 i føresegnene til Detaljreguleringsplan for Hilland Vest felt 4, del II datert 21.12.2022. Det må eventuelt søkjast om dispensasjon frå føresegn 5.2.2.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 06.07.2023. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

GENERELL INFORMASJON

Det er ditt ansvar å levere en komplett søknad

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før

innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Kjartan Medaas
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Artec As

Damsgårdsveien 135

5160

LAKSEVÅG